



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 24.06.2019

Vår ref.: 2014/10628-8

Saksbehandlar: hanengu

Dykkar ref.:

Fråsegn - Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan for Bruvoll bustadområde - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 14.5.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Bruvoll bustadområde. Hovudføremålet i planen er bustadføremål og er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustadføremål og LNF. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiling.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Areal og transport

Reguleringsplanen legg opp til utvikling av bustader i eit område som ikkje er knytt til region- eller lokalsenter, men der kommuneplanens arealdel har sett av området til bustadføremål. Hordaland fylkeskommune viser til at Regional areal- og transportplan for Bergensområdet har eit mål om at største delen av veksten skal kome i dei regionale vekstsonene, i Lindås omkring regionsenteret Knarvik. Vidare bør kommunane prioritere vekst knytt til lokale senter. Utviklinga reguleringsplanen legg opp til er i utgangspunktet ikkje i tråd med den regionale planen.

Den regionale planen har likevel ikkje tilbakeverkande kraft og skal først og fremst nyttast i vurderinga av framtidige kommuneplanar, mens areal som er avklart i kommuneplanen vil framleis vere gyldige. Vi vil likevel understreke at volumet i slike planar bør bli avgrensa og ikkje bli for stor. Hordaland fylkeskommune er med denne bakgrunn kritiske til bustadvolumet reguleringsplanen legg opp til, og rår Lindås kommune til å endre dette før vedtak av planen.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune viser til at Regional areal- og transportplan har følgjande retningslinje:

5.4 Nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskole og til kollektivstopp.

Plankartet viser trygg tilkomst til haldeplass, og det er viktig då mange barn og unge i området vil vere avhengig av kollektivtransport til skole og fritidsaktivitetar. Dette er også sikra gjennom rekkefølgjeføresegner.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld areal- og transport, utbyggingsvolum og trafiksikkerheit. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hans-Christian Engum
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest